
Referent:	Ellen Marie Sollid Hundvebakke
Dato	14.02.2020

Emne:	Punktutbetringar langs fv. 569 i Modalen	
Til stades:	Modalen kommune: Kjetil Eikefet, Jo Tømmerbakke Vestland Fylkeskommune: Andreas Kolås, Joar Hopland, John Martin Jacobsen, Ellen Marie Hundvebakke	
Forfall:		Sak: 2020/34876 - 5
Møtetid:	09:00-10:00	Møtestad: Isdalstø prosjektkontor, Galteråsen 7C

Møteleiar: John Martin Jacobsen

- Nordhordlandspakken har ei rammeløyving på 2 136 000 kr (2019-kroner) til punktutbetringstiltak i Modalen som ein del av finansieringsgrunnlaget for Nordhordlandspakken. Det er inngått kontrakt med entreprenør som skal starte opp arbeidet våren 2020. Dei aktuelle tiltaka er prosjektert og er klare til gjennomføring.
- Byggeleiar presenterte dei 9 tiltaka. Det ligg som vedlegg til referatet.
- Det er same modell som punktutbetringstiltaka langs fv. 570 i Masfjorden, men i noko mindre skala.
- Det manglar, 2,8 mill. kr for full utbygging av alle 9 punktutbetringstiltaka.
- Vestland fylkeskommune (VLFK) innstiller på å løyve opp 1,4 mill kr ekstra av ordninga gjennom ekstraløyvinga for punktutbetring og trygg skuleveg.
- Prioritering og vedtak av midlar av denne ekstraløyvinga vil skje på møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet den 11. mars.
- I møtet var det positiv dialog med kommunen om prioritering av aktuelle tiltak. Modalen kommune blei i møtet utfordra til å bidra med ei fullfinansiering av dei 9 tiltaka. Kommunen har varsla at dei vil behandle førespurnaden på møte i kommunestyret den 26. mars. Representantar frå Nordhordlandspakken stiller på dette kommunestyremøte i Modalen.
- Nordhordlandspakken byrjar å bygge dei tiltaka som det er midlar til, og det vil ikkje forekome stopp i prosjektet som følgje av politisk behandling av saker om ekstra løyvingar.

Vedlegg:

- Presentasjon av dei 9 punktutbetringstiltaka langs fv. 569 i Modalen

Gjennomgang av tiltaka for punktutbetring i Modalen

Dette er eit prosjekt i Nordhordlandspakka (NHP) med ei kostnadsramme på 2 136 000,- (2019 kroner).

Fv. 569 er ein smal og svingete veg. I dette prosjektet tek ein for seg strekninga frå Høydalstunnelen (mot Romarheim) og inn mot Slottsporten. Punkta som er valt ut er gjort i samarbeid med Modalen kommune. Det vart funne ni punkter. Finansieringa som ligg inne i NHP dekkjer fire av disse punkta, etter at tiltaka har vorte noko kutta ned.

Tiltaka handlar om å utvide vegbana på kritiske punkt. Disse punkta ligg på stader med dårleg sikt, som regel i ein sving eller bakketopp.

Tiltak 1

Breiddeutviding i sving med dårleg sikt og i botn av ein bakke. Dette punktet vert utbygd i NHP.

Tiltak 2a:

Breiddeutviding over bakketopp.

Tiltak 2b:

Breiddeutviding i sving.

Tiltak 3:

Breiddeutviding over bakketopp. Fortsett i tiltak 4. Dette punktet har vorte kutta i, og vert utbygd i NHP.

Tiltak 4

Breiddeutviding over bakketopp, og i bakke mot neste tiltak

Tiltak 5:

Breiddeutviding i bakke og før/etter ein sving. Dette punktet har vorte kutta i, og vert utbygd i NHP.

Tiltak 6:


Breiddeutviding i botn/starten av bakke. På dette strekket har vegen rekkverk på begge sider, noko som gjer at den «kniper» litt ekstra inn her. Dette punktet vert utbygd i NHP.

Tiltak 7:

Breiddeutviding gjennom sving i bakke.

Tiltak 8:

Breiddeutviding i sving. Nokså knapp sving, med rekkverk på begge sider.



Utskrift frå www.fylkesatlas.no.
Rettar oa bruk: Norske diaitalt